

Referat frå styremøte 2022/9 i Norsk folkemusikklag

Møte på Zoom tirsdag 21. juni kl. 12.30—14.30

Til stades: Bjørn Aksdal, Tom Willy Rustad, Angun Sønnesyn Olsen, Andrea Kasbo Rygh og Sveinung Søyland Moen (referent)

Sak 46/22 Korte meldingar

Oppfølging av referat frå førre møte

Sveinung foreslo å setja inn gjennomgang av referat frå sist møte som fast sak til vidare styremøte, for slik å sikra at me får følgd opp alle vedtak og oppgåver styremedlemmane tar på seg. Dette gjeld først og fremst saker som ikkje vert vidareført til neste styremøte. Styret støtta forslaget og det vart vedtatt å starta møtet med ein slik gjennomgang. Andrea informerte om at Per Åsmund Omholt har liggande nokre eksemplar av skriftet som truleg kan seljast på Landskappleiken. Andrea følgjer opp dette og tar dei med til Rjukan. Styret vedtok å vidareføra prisar frå tidlegare år, dvs. 50 kr. per skrift, ev. tre for hundre. Det kan òg seljast skrift frå lageret Sveinung har i Trondheim, men eventuelle kjøparar må då betala porto.

Innkalling av varamedlem

Styret ønskjer i utgangspunktet at første vara vert kalla inn til alle styremøta. Ettersom det har vorte omrokeringar i styret etter årsmøtet, der 1. vara har gått inn i styret, vil Bjørn avklara med 2. vara kor mykje ho har høve til å stilla som møtande vara.

Seminaret 2023

Tom Willy informerte om at seminaret har fått 10 000 frå Letterstedtska föreningen, så då har seminaret førebels fått 40 000 i støtte totalt, under føresetnad at me får overført alle midla til 2023. Bjørn informerte om at det planlagde møtet med samarbeidspartnarane i Valdres, er utsett til over sommaren.

Sak 47/22 Seminaret 2022

Tidspunkt:

Etter undersøkingar med samarbeidspartnarar og innleiarar, fastset styret dato for seminaret til 18. og 19. november. Sveinung stadfester reservasjonen hos Ringve.

Fagleg program:

Tom Willy hadde på førehand sendt ei oppdatering til styret, som viste positivt svar frå følgjande innleiarar for dei aktuelle datoane: Eilif Gundersen, Hans Fredrik Jacobsen, Ola Kai Ledang, Stein Villa, Per Åsmund Omholt og Bjørn Aksdal. Styret diskuterte moglege løysingar for programmet, og bestemte å ta utgangspunkt i programmet for seminaret i 2017 som hadde ei liknande ramme. Sveinung sender dette til styret. I tillegg til faglege innlegg og paneldebattar, skal innlegg frå Ungt Forskerforum for Folkemusikk og Dans, omvising i utstillinga på Ringve og kveldskonsert inkluderast i programmet. Styret ønskjer omvising på fredagen tilpassa for gruppa – Sveinung undersøker dette med Ringve. Tom Willy kontaktar

Jørn Simenstad i Norsk Lur- og Bukkehornlag for å høyre om dei kan vera interesserte i eit samarbeid om seminaret og/eller konserten.

Kveldskonsert:

Konserten er planlagt på Ringve og det trengst truleg berre ein talemikrofon, ettersom det er snakk om nokså lydsterke instrument. Tom Willy har vore i kontakt med TrondheimFOLK om mogleg samarbeid. Ringve vil òg vera aktuell samarbeidspartnar utover utlån av lokale.

Budsjett:

Tom Willy hadde sett opp eit førebels budsjett som han presenterte for styret. Budsjettet for 2017-seminaret kan vera aktuelt å bruka som vidare rettesnor, så Sveinung sender dette til styret. Sveinung vil òg sjekka om Ringve har avtale med hotell i Trondheim.

Anna:

- Andrea sender ut e-post til medlemmane i NFL med dato, stad og tema/tittel. Sveinung legg ut informasjon på nettsidene til laget.
- Sveinung vil sjekka høve til seminarlunsj og mogleg middag i Café Victoria på Ringve.

Sak 48/22 Musikk og tradisjon (redaksjonsmøte, Bjørn)

Bjørn oppdaterte styret om arbeidet med skriftet.

Sak 49/22 Neste styremøte

Neste styremøte vert 11. august kl. 19.00–20.30. Dette vert då eit styremøte, før det så vert eit eige redaksjonsmøte mot slutten av august.